

Fra: Jon Askeland (jon.askeland@radoy.kommune.no)

Sendt: 06.03.2019 10:14:57

Til: Rolf Rosenlund; Folkevalde

Kopi:

Emne: Spørsmål til møtet i MISA 13. mars 2019.

Vedlegg:

Eg er blitt kontakta av innbyggjarar i området Oppheim-Vossestrand i Voss kommune om eit kollektivtakstspørsmål.

Saka gjeld: Nettbuss si rute Sogndal – Bergen ca kl 1340 på Oppheim vert dagleg brukt av skulelevar som lokalbuss for å koma seg til Vossevangen på kulturskuleimar og liknande. Denne bussavgangen passar framifrå til dette føremålet, då den går like etter skuletid, og gjer det mogleg å nå kulturskulen på Vangen. Neste ordinære buss i regi av Skyss går 1 time, 20 minutt seinare, den gjer det vanskeleg å nå kulturskuletilbodet.

Spørsmålet frå foreldra gjeld billett-takstane. Frå nyttår er barnetaksten på ruta auka til kr 59,- for enkeltbillett på denne ruta til Nettbuss. Dette er svært dyrt, samanlikna med Skyss sin barnebillett som kostar kr 19,- pr tur. Foreldra ber derfor Hordaland Fylkeskommune om at ruta vert tatt med i billettharmoniseringa for Skyss på dei strekningane der Nettbussruta vert nytta som lokaltransport.

Spørsmål: Korleis kan Skyss tilby ordinære Skyss-takstar for lokaltransport for Nettbussruta Sogndal-Bergen?

Jon Askeland

Ordførar

Radøy kommune

Tlf 47459720